



Ole Jørgen Lunde
Kvernhusrenen 1 E
5208 OS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3357 - 17/32401

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

14.11.2017

Svar - Søknad om avkøyrsløse frå kommuneveg - gbnr 192/5 Hopsdal

Teknisk drift har vurdert søknaden om avkøyrsløse for gbnr 192/5 i Hopsdalen.

Synfaring med grunneigar vart utført på staden 13.11.2017. Under synfaringa vart det, etter avtale med grunneigar, endra plassering for avkøyrsløse. Vedlagt situasjonskart syner kor avkøyrsløse skal plasserast. Siktsonen på 4x45m vert i varetatt av siktutbetring/vegutviding, utført av Lindås kommune.

Søknaden omhandlar avkøyrsløse til fritidsbustad. Grunneigar har søkt om bruksendring. Det vart avtala på synfaringa at søknad vart endra til å gjelde avkøyrsløse for bustad/våningshus.

Dette vedtaket gjeld løyve til etablering av avkøyrsløse frå kommunal veg.

Løyvet gjeld 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkøyrsløse skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkøyrsløse som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsløse, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsløse og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Dreneringsrør under avkøyrsløse må stå i forhold til eksisterande stikkrenner i området og skal som avtala på synfaring 13.11.17, ha ein diameter på 1000mm.
- Rør under avkøyrsløse (1000mm) samt dreneringsrør (400mm) for å lede vatn gjennom ny veg vert lagt av Lindås kommune som kompensasjon for grunnverv til siktutbetring (føresett eigen grunnavtale). Det må takast omsyn til at eksisterande stikkrenner ikkje vert tett eller skada i samband med etablering av ny avkøyrsløse på staden.
- Siktsonen kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at løyve til avkøyrsløse berre gjeld tilknytning til kommunal veg.

Bygging/utbetring av avkøyrsløse er søknadspiktig tiltak etter plan og bygningslova.

